

INNKALLING TIL FØRSTE MØTE POLITISK UTVAL FOR EIGARSKAPSMODELLAR FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Det vert med dette kalla inn til første/ konstituerande møte i utvalet.

Tid: Torsdag 9.november 2017 kl. 09.00-12.00

Stad: Prosjektorganisasjonen/ fellesnemnda sine lokale på Skjenet 2 på Straume (Vestnytt har sin redaksjon i same huset)

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtok i møte 02.10.2017, sak 8/17 punkt 2, å oppretta eit politisk samansett utval «som ser på eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiaren sin stab vil vere sekretariat for utvalet.».

Val av medlemmer blei fullført i møte 30.10, sak 21/17. Jfr vedlagte protokoll frå møta.

I møte 30.10, sak 22/17, vedtok fellesnemnda også mandat for utvalet sitt arbeid. Sjå vedlagte protokoll frå møtet.

Mandatet:

Det politiske utvalet for eigarskap skal:

1. Ta utgangspunkt i samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017.
2. Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.
3. Utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde.
4. Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.
5. Utvalet kjem tilbake med plan for framdrifta av arbeidet etter at dei har hatt sitt første møte, med målsetting om at fellesnemnda gjer vedtak i saka innan utgangen av første halvår 2018.

Med utgangspunkt i refererte vedtak i fellesnemnda og det tilsendte materialet, føreslår leiaren følgjande

Saksliste:

1. Velkomen v/ leiar
2. Konstituering
3. Gjennomgang av vedlagte materiale
4. Plan for arbeidet vidare
5. Eventuelt



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Leiaren vil føreslå følgjande tidspunkt for dei vidare møta i utvalet:

Møte 2: 30. november 2017

Møte 3: 14. desember 2018

Møteplanen for 2018 vert diskutert i møtet.

Tidspunkt for alle møta: kl. 09.00 – 12.00, Skjenet på Straume.

Faste medlemmer som ikkje kan møta, sender ein e-post til underteikna slik at varafolk kan kallast inn.

Vel møtt!

Med venleg helsing
For leiar Atle Dåvøy

Jarle Kåre Oen
Prosjektmedarbeidar/ Sekretær for utvalet